

# Aktør eller kulisse?

*Båten si rolle på kystmuséa*



## *Åresang*

*Gje mæ lov tel å ro  
Tel å sette ut båten med bankanes blo.  
Te å sønge førr fjorda og fjærstein og tang  
en åresang.*

*Gje mæ lov tel å ro  
tel å helse med hainna mot harpestemt flo  
tel å hente av storjupta enndå en klang  
en åresang.*

*Arvid Hansen*

Eksamensoppgave Modul [KUVI 202](#)

[UIB](#) hausten 2001

Elisa Kolle, Gunhild Rikstad, Erika Søfting og Kjell Magnus Økland

# Innholdsliste

**s 3 Innleiing**

**s 4 Kystmuseet i Øygarden – eit økomuseum**

**s 6 Båt på museum**

Vern eller formidling – konflikt?

Musealisering av gjenstanden

Autentisitet

Kjensla av det ekte...

**s 10 Oppleving og formidling**

Handlingsboren kunnskap

Kroppslig erfaring som formidling

Å oppleva historia...

**s 13 Undervisningsopplegget – den praktiske gjennomføringa**

Innledning

Forarbeid for skoleklassen

Forarbeid for muséet

Men hva med sikkerheten da?

Tidsplan

**s 20 I naustet**

**s 21 I støa**

**s 22 På fiskeplassen**

**s 23 Tilbake på land**

**s 24 Matlaging**

**s 25 Røde tråder underveis**

Praktiske råd

**s 26 Avslutning**

**s 28 Tilslutt**

Kvar kan eg som lærar få vita meir?

Om forfattarane

Tilbakemelding

**s 30 Kjeldeliste**

Skriftlege kjelder

Munnlege kjelder

Biletkjelder

## Innleiing

*Han såg ut på det bårute havet  
Det var ruskut å leggja utpå  
Men der leikade fisk nedi kavet  
Og den leiken den vilde han sjå<sup>i</sup>*



På kulturvitskap mellomfag hausten 2001, modul for kulturfagleg formidling, fekk me i oppgåve å lage ei prosjektoppgåve med tilknytning til Kystmuséet i Øygarden. Me var fire stykker på mellomfaget som ikkje kjente kvarandre frå før, men som etterkvart fann ut at me hadde ei felles interesse; tradisjonsbåtar. Me var alle opptekne av at båten burde bli brukt, og me ynskte å bruke denne oppgåva til å sette fokus på bruk av tradisjonsbåt på museum. På museet i Øygarden møtte me det me så ofte før hadde sett; eit kystmuseum som ikkje brukte tradisjonsbåtar aktivt i formidlinga. Me møtte båten i utstillinga og i naustet, men ikkje i bruk på sjøen. Derfor ville me nytta høvet til å lage eit opplegg for bruk av båt på museum.

Me i gruppa er alle vane med å bruke gamle og tradisjonelle båtar, frå kvar sin del av kysten. Det treng ikkje å vere så vanskeleg å ta i bruk båten, etter vår meining. I museumssamanheng møter ein ofte på ein del problem i forhold til bruk av båt. Men me meiner det er viktig å formidle båten si historie på fleire vis, og at å aktivt bruke båten er ein viktig del av formidlinga av vår kystkultur. I oppgåva søker me å grunnkje dette synet.

Me har sett på en del teoretiske problemstillingar omkring båt på museum. Kva problem kan oppstå ved bruk av gamle båtar? Er det forsvarleg å bruke museumsgjenstandar? Er det nødvendig at båten er gamal? Kva skjer med båten når han hamnar på museum? Så kjem vi inn på kvifor me meiner at båten bør brukast. Gjennom omgrep som handlingsboren kunnskap og kroppsleg erfaring, vil me grunnkje kvifor me meiner sjølve bruken av båten er ein viktig del av vernet av kulturarven. I oppgåva sin andre del har me laga eit utkast til korleis bruk av båt på museum kan gjerast reint praktisk. Me har laga eit undervisningsopplegg for mellomtrinnet på grunnskulen. Me trur at dette opplegget med litt justering kan brukast for andre målgrupper og på dei fleste kystmuséa. Me vil understreke at dette opplegget er ei oppgåve i modulen kulturfagleg formidling og når me då tek utgangspunkt i båt på museum vert det med fokus på nettopp formidlingsarbeid. Sjølv sagt finst det mange relevante problemstillingar knytt til områda vern, dokumentasjon og forskning som også er ein viktig del av museet sine oppgåver, men dei vil ikkje me gå i djupna på her.

## Kystmuséet i Øygarden - eit økomuseum

*Han såg ut på dei steinutte strender,  
det var ingen som der hadde bygt.  
"Lat oss ryddja og byggja oss grender,  
og so eiga me rudningen trygt." ii*



Kystmuséet i Øygarden vart opna i 1996. Museumsbygningen ligg ved Ovågen på øya Oen i Øygarden kommune vest for Bergen. Muséet er oppteken av samanhengen mellom kultur og natur, miljøtilhøve, samfunnsutvikling og dokumentasjon av fortid og samtid i kystregionen.

Kystmuséet i Øygarden definerar seg sjølv som eit økomuseum. Men kva er eigentleg eit økomuseum? Omgrepet kom til på slutten av 60-tallet, og representerte ei endring i synet på kva eit museum kan vere. Økomuséet skal være ein integrert, og ikkje minst aktiv, del av eit lokalsamfunn.

Ein av dei sentrale tankene bak økomuséet er at det skal bevare gjenstandar, landskap og andre kulturminner der dei er, og ikkje som del av ei sentralisert samling. *"Kulturminner oppbevares på stedet, i sitt miljø, og helst i bruk; dette gjelder også gjenstander som, så langt dette lar seg gjøre i praksis, blir oppbevart hos folk som eier dem."* (Gjestrum og Maure 1988:27) På muséet i Øygarden har ein langt på veg følgd opp denne tanken. Mange av muséet sine bygningar står utanfor museumsområdet, og kan oppsøkjast av publikum der dei står, i sitt opphavlege miljø. Muséet har lagt opp "kulturløyper" der ein kan vitje kvernhus, Hjelme gamle kyrkje, eller sjøhusa i Herdlevær. *"Med "vern gjennom bruk" perspektivet får de besøkende mulighet til selv å delta og bruke muséets gjenstander, samtidig som som de blir på sitt naturlige sted, desentralisert og ikke oppbevart i et magasin."* (Bull 1997:54)

Men eit kulturminne, eller gjenstand om du vil, som ikkje får opplevast i sitt opphavlege miljø, er båten. På kystmuséet i Øygarden har ein samla ein god del båtar. Ein er del av den faste utstillinga. Eit par av båtane ligg fortøyde ved muséet si brygge om sommaren. Resten av båtane ligg i naust heile året. Dette var noko me reagerte på då me vitja muséet. Ein trebåt som ikkje kjem på vatnet på fleire år, blir etterkvart ubrukeleg. I tillegg til dette meiner me at

naustet berre er ein liten del av båten sitt miljø. Båten var og er først og framst eit framkomstmiddel, og det er på sjøen båten kan opplevast i sitt rette element. Me meiner at eit økomuseum som har kysten som sitt felt burde vere oppteken av å formidla båten si historie gjennom å bruka han. Dette er også tanken ved muséet i Øygarden, i følgje Hege Sofie Bull, som har skrivne om muséet i si hovedfagsoppgåve i etnologi, *"Kystkulturen på museum i Øygarden og på Korpo"* (1997). Bull har intervjuet leiar i museumsnemnda i Øygarden, Ragnar Frotjold:

*"Naustene blir stort sett brukt i den forstand at folk nå kan se hvordan disse var og hvordan de ble brukt. Me har også en idé om at i enkelte av disse naustmiljøene skal det være muligheter for folk å kunne låne en båt sånn at de kan komme seg litt ut på sjøen også. (...) Grunnidéen for muséet er jo et økomuseum."* (Frotjold i Bull 1997:52)

Bull har skrivne om økomuseum i samband med Kystmuseet i Øygarden. Ho nemner tre omgrep som ho meiner er sentrale for økomuseumstanken. Desse er økologi, identitet og deltaking. Økologiomgrepet er her knytt både til natur og kultur: *"I et kultur-/humanøkologisk perspektiv er vekten lagt på samspillet og den gjensidige påvirkningen som finner sted mellom kulturformer/samfunnsstrukturer på den ene siden og miljø/omgivelser på den andre"* (Gjestrum og Maure (red.) i Bull 1997:23)


Omgrepa identitet og deltaking er nært knytte til dette kulturøkologiske perspektivet. Muséet skal skape identitet gjennom å synleggjere dei ovanfor nemnde prosessane av samspel og påvirkning, både i fortid og notid, og kanskje også framtid. Deltaking er også knytt til kulturøkologien. Muséet skal *"stimulere til egen aktivitet med utgangspunkt i eget miljø, og egen tradisjon."* (Bull 1997:24) Målet med dette er blant anna å bevisstgjere. Tanken er at gjennom å kjenne sitt eige miljø, og historia og tradisjonane i det området ein lever i, får ein betre forutsetningar for å vere med på å forme framtida.

Som økomuseum er med andre ord Kystmuséet i Øygarden eit museum der vår tanke om bruk av båt på museum passar spesielt godt inn i muséets rammer. *"Når det gjelder deltakelse har de som mål å få satt i stand de gamle båtene slik at de kan bruke dem som en del av muséets formidling. De skal brukes på sjøen, for eksempel skal unger kunne komme til muséet og fiske litt."* (Bull 1997:53)

Tanken vår er å vidareføra eit verdifullt perspektiv på kystkultur gjennom å ta i bruk gamle båtar i kombinasjon med ressurspersonar som formidlarar av tradisjon, kultur og dugleikar. Samspelet mellom havet og mennesket er essensielt for forståinga av kysten si historie. Gjennom sjølv å oppleve litt av dette samspelet i tradisjonelle båtar, kan ein få et nærare forhold til historia. Det kan også bidra til at ein føler at ein betre meistrar sitt eige miljø. Korleis vil framtida sjå ut dersom folk ved kysten gløymer korleis ein ferdast på havet uten plastskrog og diesel? Kva følgjer får det om meistringa av havet blir fullstendig avhengig av ressursar og industri ein ikkje har nokon makt over?

## Båt på museum

*Og båten fortel ei soge  
om sjøen i mang ein strabas.  
Men aldri hadde han våga  
å tru han sku stå der på stas<sup>iii</sup>*



### Vern eller formidling – konflikt?

Kontrasten mellom tidlegare tider og våre dagar sine kystsamfunn er stor. Kvardagen har på mange måtar blitt lettare, me er ikkje lengre avhengige av båten eller den levevegen den gamle kystkulturen forutsette. Likevel meiner ein at det me legg i ordet kystkultur har verdi også i dag. Me har eigne kystmuséer, kystlag og kystkultursenter. Korleis vert så båten eksponert på museum i Noreg? Er han berre ein utstillingsgjenstand eller vert båten sin historie formidla også på andre måtar? Me gjorde ei lita undersøking, og spurde sju muséer om deira bruk av båten. Muséene er enten kystmuséer eller regionalmuséer ved kysten. Dei muséa me snakka med er Hordamuséet på Stend, Muséet Kystens Arv i Stadsbygd, Nordlandsmuséet i Bodø, Kystmuséet i Hvaler, Kystmuséet i Sør-Trøndelag, Kystmuséet i Nord-Trøndelag og Kystmuséet i Sogn og Fjordane.

Alle sju har båtar som ein del av samlinga si. Tre av muséa har småbåtar på vatnet. Tre andre har større båtar på vatnet som er i bruk. Eit museum har ingen båtar på vatnet, men samarbeider med kystlag og færinglag, slik at tradisjonelle båtar blir brukt ved muséet. To av muséa har gamle småbåtar i bruk som ein del av opplevinga og formidlinga. To andre er

involvert i bygging av kopiar av gamle båtar og/eller bygging av tradisjonelle båtar som skal nyttast ved muséet. To av muséa har ei klart definert haldning til at gamle båtar som takast hand om av muséet skal konserverast, og absolutt ikkje vere på vatnet eller i bruk.

Denne korte oppsummeringa viser at dei muséa me tok kontakt med har svært varierende syn på kva rolle båten skal ha. På eit av muséa me snakka med fekk me dette svaret på spørsmål om publikum kunne bruke båtene deira: *"Nei, er du gal! Ingen ansvarlege museumsmenneske ville tillate det. Ingen ved sine fulle fem ville latt vanlege folk ta hand om museumsgjenstandar!"* Me lar denne uttalinga stå for seg sjølv.

Dette var berre ei lita stikkprøve per telefon. Me har ikkje prioritert å sjå nøyre på det enkelte museum si faglege grunngjeving for sin bruk av båten, sjølv om det kunne vore spennande. Det me ville med denne undersøkinga var å lodde stemninga for korvidt muséer som har kysten sin kultur og historie som sitt felt, brukar båten på vatnet som ein del av si formidling. Det er naturlegvis behov for museer som konsentrerar seg om dokumentasjon, og tar vare på gamle båtar gjennom konservering. Men på museer som har vern gjennom bruk som ei målsetjing, meiner me det er viktig at ein opnar for bruk av båten i formidlinga. Utan å kritisere dei val som det enkelte museum har teke når det gjeld båten på muséet, vil me gjerne få komme med nokre tankar kring emnet.

Når det gjeld vern av båtar er det mange val å ta for det enkelte museum. Konflikten mellom å verne og formidle er vel for dei fleste museumsfolk eit velkjent problem. På bygdetun rundt om i landet fører aktiv bruk av bygningar mellom anna til at golv slitast ned. Etter kvart må delar av bygningane bytast ut, og før eller sidan er ikkje bygninga eit stabbur frå 1700-talet, men eit lappverk av nytt og gammalt. Skal unike kulturminner for ein kvar pris vernast for morgondagen, eller er det vel så viktig å gjere dei tilgjengelege slik at dei kan formidla historie i dag?

## **Musealisering av gjenstanden**

Lat oss sjå på kva som skjer med båten når han hamnar på museum. Ofte kjem gamle bruksegenskapar og kvalitetar ved båten i bakgrunnen og andre eigenskapar vert viktige. Med "gamle" eigenskapar meinast her dei eigenskapane som ein var på jakt etter når båten vart bygd. Til dømes dersom båten skulle roast mykje laut han vera lettrodd og årene, toftene og avstanden mellom keipane laut vera tilpassa til den personen som skulle ro båten. Eller dersom båten skulle ha god lasteemne laut han vera stabil og ha god plass til lasta, noko som kunne gå utover kor lettrodd båten vart.

For å verta tekne inn i museumsvarmen er det nye kriterier som vert lagde til grunn, til dømes: alder, type, storleik og representativitet. I verste fall kan ein dermed oppleva å få ein båt som var lite brukstenleg til å stå som representant for båttypen på muséet, rett og slett ein dårleg båt som står utstilt på museum. Og når eit muséum tek hand om ein båt vert den som regel sett inn i eit naust eller inn i ei utstilling. Oftast sluttar ein i større eller mindre grad å gjera vølingsarbeid på båten, dette for å halda oppe aldersverdien, kjeldeverdien og autentisiteten.

Me meiner at det er betre om båten er i bruk

Dersom vernet av båten vert gjort ut i frå ein

For å verna båten ut i frå ein brukssamanheng heller enn ein utstillingssamanheng er det betre at båten er i bruk.

*"Videre er det en velkjent sak at et fartøy som blir aktivt brukt og får løpende vedlikehold holder seg bedre enn et fartøy som står på land eller ligger i opplag." (Fartøyvern 1987 i Kielland 1994:10)*

Også i publikum sine auge får båten andre funksjonar, fordi ein båt i ein ny kontekst vil få ei ny mening. Båten vert eit eksemplar, ein del av ei samling. Han vert redusert til eit døme på korleis det kunne vera, i staden for ein bruksgjenstand i seg sjølv. Ein færing som ligg i eit museumsnaust sender ut andre signal enn ein som blir rodd utetter fjorden.

## **Autentisitet**

Eit anna aspekt ved dette vert om båtane på muséet er i brukande stand, om dei faktisk tåler ein tur på sjøen. Mange av båtane som muséa rår over i dag er ikkje i ein slik stand at dei kan brukast på sjøen. Er det viktig for formidlinga at båten er original? Walter Benjamin meiner at



kopiar i alle tilfelle ikkje kan måla seg med ein original, og argumenterar for originalgjenstanden sine fortrinn. Det å sjå originalgjenstanden framfor berre å bli fortalt eller å lese om han, er noko heilt spesielt, meiner han. Originalen sin *aura*, gjenstanden sin unike karakter og utstråling, kan ikkje erstattast: ”*Ett moment mangler selv ved den mest fullkomne reproduksjon: kunstverkets Her og Nå – dets unike eksistens på det sted hvor det befinner seg.*” (Benjamin i Mosaker 2000:54f)

Me trur at for publikum/skuleungane si skuld treng ikkje båten vera 150 år gammal. Men eit viktig moment er at båten skal vera bygd etter dei same handverksmessige prinsipp som var gjeldande for 150 år sidan. At båtene dermed er relativt nye, og i brukande stand gjer heile opplegget meir realistisk etter vår meining. Båtane ein brukte før var jo trass alt ikkje 150 år gamle den gong... Med brukande stand meiner me ein båt som er nokon lunde tett og som er forsvarleg tryggeligmessig og tenleg å bruka i ein slik samanheng. Dersom ein brukar ein 150 år gammal båt i dårleg stand vil det ikkje gje publikum eit realistisk inntrykk av korleis desse båtene verkeleg var når dei var i bruk.

Spørsmål knytt til tilhøvet mellom kopi og original er høgst relevant for museum. Sosiologen Ning Wang kaller dette “*objektrelatert tilnærming til autentisitet*” (Wang i Mosaker 2000:50). Det viktige er at gjenstanden er autentisk og ekte, eller at kopien som finst skal vera så nært den autentiske originalen som mogleg. Nærleiken til den originale gjenstanden i undervisningsopplegget gjer inntrykk av å vera i kontakt med fortida. Båten vert eit medium som fortel korleis fortida var. Ved også å bruka dei fiskereiskapane som ein nytta i fortida gjer dette samla sett at ein kan oppleve fortida på kroppen. Fortida vert sansbar her og no.

Hovudtanken i vårt opplegg er at elevane lærer om korleis båten, fiske og sjøen var livsviktig for folket som budde langs norskekysten før. Å få elevane til å kjenna dette slitet på kroppen på samme måte som folk i det tradisjonelle samfunnet gjorde, er vanskeleg. Men ved at elevane får å ro litt, være tålsame når dei fiskar, sitja roleg i båten og verta tilgrisa når dei sløyer fisk, finn dei i alle høve ut at folk før levde et heilt annleis liv enn kva me lever i dag. Dette er den forma for autentisitet som Wang vil kalle eksistensiell autentisitet. ”*Den eksistensielle autentisiteten handlar altså også om ei oppleving (...). Nærleiken til det ein ser, dei aktivitetane ein utfører, eller den situasjonen ein sjølv er i, er utgangspunktet for desse tilnærmingane*” (Mosaker 2000:51). Her er opplevinga elevane har av fisketuren vektlagt ut frå kva kunnskaper dei har på førehand. Elevane har fått vita at dette var måten ein levde på

før langs kysten, og då vil turen opplevast som ein smakebit av den ekte og autentiske kulturen på plassen dei kjem frå.

### **Kjensla av det ekte...**

Problemstillingane som me har teke opp i dette kapitlet dreiar seg om konflikten mellom vern og bruk, og original versus nybygg. Våre konklusjonar er at i visse tilfelle kan det vere vel så godt for båten at han er i bruk utifrå eit vernesynspunkt. Ikkje berre kan det vere bra for båten, men ein ivaretek også andre aspekt knytt til båten.

*”I tillegg til opplevelsesaspektet er det også andre verdifulle aspekter knyttet til bevaring gjennom bruk. Kunnskaper og ferdigheter knyttet til bruk og vedlikehold av fartøyet holdes levende, likeså eventuelle tradisjoner og skikker knyttet til den opprinnelige bruken av fartøyet” (Fartøyvern 1987 i Kielland 1994:10).*

Eit anna aspekt er at i eit undervisningsopplegg slik som det me skisserar opp seinare, er det ikkje alltid nødvendig å bruke originale gamle båtar for å få ei oppleving av autentisitet. Kjensla av autentisitet kan vere like mykje knytt til situasjonen, opplevinga ein har av det ein gjer, som til at gjenstanden, i dette tilfelle båten, er original. Gjennom eigne kroppslige erfaringar vil eit publikum kunne få opplevingar som formidlar noko om fortida. Nybygde båtar kan vere like tenlege for å formidle kysten si historie og kultur. Difor treng ikkje konflikta mellom vern og bruk vere ei hindring for å ta båtar i bruk ved muséer.

## Oppleveling og formidling

*Og når vinden var spak, fór om fjorden eg rundt;  
Der eg rodde og rak som ein fiskande glunt.  
Der eg leikande låg og meg vogga på våg  
I den nattsol der nord.*<sup>iv</sup>



### Handlingsboren kunnskap

Frå langt tilbake og fram mot nyare tid har båten vore det som har bunde kystsamfunn saman. Båten var så og seie det einaste middelet til samferdsel, kommunikasjon med omverda og det daglege brød, livsåra i samfunn som elles aldri hadde funnest. Det å kunne bruke båten var ein dugleik som var livsviktig, og som ein byrja å tileigne seg så snart råd var. Etnologen Asbjørn Klepp skriv at i norske kystsamfunn lærde borna seg å segle så tidleg at dei sjølve meinte det ikkje var noko dei hadde lært, men noko dei kunne (Klepp 1988:13). Med andre ord var denne dugleiken så innarbeidd at det ikkje var mogleg å setje ord på han, han kunne berre formidlast ved å late ungane utføre handlingane i praksis.

Eit omgrep som dekkjer dette er handlingsboren kunnskap. I dette ligg det at det finst visse kunnskapsområde ein ikkje kan lese seg til eller studere frå utsida. Tvert om må ein delta i feltet, vere med og utføre dei konkrete handlingane for å kunne oppnå forståing. Den svenske kulturforskaren og etnologen Jonas Frykman skildrar denne prosessen i artikkelen “*Hvad folket gör men mera sellan säger*”. Her fortel han om korleis han, i samarbeid med ein nabo, skal hogge ned eit tre utanfor hytta. Etter mykje om og men spør naboen Frykman om han har tenkt å hogge tréet eller prate det ned. Uansett kor mange tilsynelatande gode teoriar Frykman har om den mest effektive hogstmetoden, veit naboen frå mange år med røynsle nøyaktig korleis det best kan gjerast, og han ser ikkje noko poeng i å overføre det til ord. Den einaste måten å formidle det på er ved å gjere det. (Frykman 1991:1)

Den same tankegangen kan overførast til båtbruken i dei gamle kystsamfunna. Ein lærte gjennom å handle. Slik fekk ein eit erfaringsgrunnlag som er vanskeleg å redusera til ord. Korleis er dette relevant i ein museumssamanheng? I og med at denne type handlingsboren kunnskap berre kan formidlast gjennom handling, er han også nærmast umogleg å stille ut. Dette har synt seg å vere ei utfordring for formidlingsinstitusjonar som i stor grad nyttar seg av tradisjonelle metodar som t.d. utstillingar. Men er det å gå på museum for å kikke på nokre

båtar for å forstå korleis fortida sine mennesker, kanskje berre eit par generasjonar unna, verkeleg levde? Kan ein redusere eit heilt livsgrunnlag til bilettekstar i ei utstilling? Er ein snartur inn i eit naust nok for å formidle kjensla av korleis det var å leve i eit kystsamfunn?

### **Kroppsleg erfaring som formidling**

Den handlingsborne kunnskapen kan berre formidlast gjennom kroppsleg erfaring. Dette gjeld like mykje i dag som for hundre år sidan, det gjeld like mykje for skuleungar på museumsbesøk som det gjaldt for oldeforeldra deira når dei skulle ut på fiske. Difor kan eit undervisningsopplegg grunna på aktivitet og handling vere eit nyttig alternativ til den meir konvensjonelle utstillingsrunden når det kjem til å formidle kystkultur til born. Denne tanken finn me att i Wigdis Espeland sin artikkel "*Den tause kunnskapen: Ein gløymd dimensjon i etnologisk forskning?*":

*“Dersom me tek på alvor tanken om at handverk først og framst er praktisk kunnskap som berre kan forståast fullt ut gjennom etteraping i handling, så får dette store konsekvensar for etnologi som vitenskap. Handlingsaspektet må koma i sentrum for forskning på ein ny måte når me skal dokumentera praktisk kunnskap frå fortida. Det vert ikkje nok å ta vare på gjenstandar og reiskapar eller hus. Men sjølve utøvinga av den praktiske kunnskapen må bevarast. Det kan då koma på tale å laga museum som tek vare på driftsformer eller handverk i like stor grad som me i dag tek vare på hus og gjenstandar.”* (Espeland 1988:27)

Dette er ei problemstilling som i høgste grad er relevant med hensyn til formidling av kystkultur på museum. Sjølv sagt vil det krevja ressursar, som ofte er små eller ikkje-eksisterande i museumsvesenet. Dersom ein ser for seg eit opplegg der ein tar i bruk ressursar som kanskje ikkje er vanlege å bruke i slike samanhengar kan kanskje noko komme ut av det. Ein kan finne mykje kompetanse hos folk i nærmiljøet, det vera seg pensjonistar som kanskje har opplevd noko av den kvardagen ein ynskjer å formidle, lokale kystlag der tradisjonar blir heldt vedlike, eller andre ting. "*Av aktiviteter ellers ønsker ledelsen at man kan engasjere besteforeldregenerasjonen til å demonstrere gambinding, teiner og være med å lage tradisjonell mat osv. Man kunne ha et undervisningsopplegg hvor generasjonene møtes.*" (Bull 1997:54) Eit slikt opplegg vil ha verdi gjennom å rette fokus mot den kompetansen og kunnskapen som privatpersonar rår over. Det er også i tråd med målsetjingane for økomuseum om å ta i bruk lokale omgivnader.

### **Å oppleve historie...**

Denne diskusjonen kring oppleving, kroppsleg erfaring og handlingsboren kunnskap søker å visa at desse aspekta kan vere svært nyttige hjelpemiddel for å formidle noko om fortida. Vi meiner at den tradisjonelle bruksbåten kan vere eit godt medium for å formidle kystkultur avdi ein då mobiliserar nettopp desse hjelpemidla. Morten Kielland seier det slik: "*Fartøyer i bruk kan dessuten i særlig grad sies å være egnet til å gjøre fortiden nærværende opplevelsesmessig, fordi de er gjenstander som krever fysisk arbeidsinnsats og beveger seg i et dramatisk element*" (Kielland 1994:10). Målet vårt er å belyse ei formidlingsform som kan fungere godt, som legg vekt på samarbeid og trivnad, og som kanskje kan vekke interesse for tradisjonsbåten hos eit nytt publikum.

# Undervisningsopplegget

## – den praktiske gjennomføringa –

### *Båten og båra*

*Kom ban og ta i hajinna nu  
så ska hainn bestefar og du  
gå ned i støa førr å sjå på båra.  
Hainn bestefar så lite vijnn  
å bale meir med båten sijnn  
så ligg der seglelaus og uten åra.  
Og båra ho e farlig, og båra ho e god,  
og båra dreg deg ujnner, og båra gjer deg ro.*

*Ja båten mijnn du banet mett,  
du kan vel tru vi to har slett  
oss fram så mang ein gong i storm og stilje.  
Og leia stengt og seglet flengt,  
vi heim oss vaijnn og støa fajnn,  
og uversbåra bar seg stygt og ijle.  
Og båra ho e farlig, og båra ho e god,  
og båra dreg deg ujnner, og båra gjer deg ro.*

*Men sommars tid når båra blid  
og kjælen smaug om kjø og baug  
då kjent han bestefar sæ mjuk i sijnnnet.  
Her kuinn eg meg og mine fø  
med hus og heim og båt og stø-  
og båresujll så vårt om alt her ijne.  
Og båra ho e farlig, og båra ho e god,  
og båra dreg deg ujnner, og båra gjer deg ro.<sup>v</sup>*



### **Innledning**

Vi har laget et undervisningsopplegg som vi tror og håper kan være en form for mal som kan brukes i formidlingen av tradisjonelt båtliv. Dette er ment som et utgangspunkt som skal være mulig å bruke langs hele kysten, men selvsagt med litt tilpasning til de lokale forhold. Undervisningsopplegget vi skisserer er primært beregnet for elever på mellomtrinnet i grunnskolen, men også her er det rom for tilpasninger. Vi mener at prosjektet kan brukes for både barne- og ungdomstrinn, i forbindelse med familiedager eller som et tilbud til turister. Dette er en formidlingsform som vi mener alle vil ha glede og nytte av.

Dette prosjektet er lagt opp som et samarbeid mellom museum, skole og tradisjonsformidlere. Med tradisjonsformidlere mener vi folk som har kunnskap om bruk av små tradisjonelle båter og som er i stand til å formidle denne kunnskapen. Dette kan være besteforeldre, medlemmer i kystlag, historielag eller husflidslag, museumsansatte eller andre ressurspersoner i lokalmiljøet.

Undervisningsopplegget er i utgangspunktet ment å skulle passe inn i en vanlig skoledag på 6 skoletimer. I tillegg er det lagt opp til en del forarbeid på skolen. Det er også lagt inn forslag til utviding av aktivitetdagen, slik at man lett kan bruke en hel skoleuke på prosjektet, noe vi vil anbefale for å øke utbyttet. Prosjektet er tverrfaglig, og kan trekkes inn i de fleste fag på skolen. Vi har tatt utgangspunkt i *Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen (L-97)*, og har laget en liten skisse over hvordan prosjektet kan brukes i de ulike fagene.

Forslag til utviding av prosjektet finner du i tekstboksene. Det er opp til tradisjonsformidler å bestemme formen for formidlingen, spørsmålsformuleringene er bare ment som en skisse for hva som kan eller bør tas opp.

### **Forarbeid for skoleklassen**

